



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1407 - 17/12042

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2017

GBNR 1/342 m.fl. - Orientering om saksbehandling

Administrasjonen viser til søknad om dispensasjon til arealoverføring til offentlig veg etter utviding av E39 over Flatøy med tilhørende gang- og sykkelveg.

Kommunen vurderer at saka bør behandlast administrativt som ei mindre reguleringsendring. Dette for å ivareta omsynet til at plankart og faktisk situasjon ikkje gir ulike opplysningar om arealformålet på dei berørte grunneigedomane i framtida. Kommunen kan ikkje endre plankartet gjennom dispensasjonsbehandling.

Saka i seg sjølv blir vurdert som kurant. I tillegg til innsendt skildring og dokumentasjon ber kommunen om at Statens vegvesen oversender eit oppdatert digitalisert plankart som syner dagens situasjon over Flatøy. Plankartet leveras som PDF- og SOSI-fil. Det er ikkje trong for oppstartsmøte eller varsel om oppstart. Kommunen vil treffe administrativt endringsvedtak og denne handsamingsforma er ikkje gebyrbelagt for vegvesenet.

Kontakt Tore Johan Erstad, tlf 56 17 11 69, ved spørsmål.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.